



**RETNINGSLINER –
ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE**

**Godkjent i Meland kommunestyre 24.06.09, sak 055/09
Revidert i kommunestyret 25.09.13, sak 053/13**

RETNINGSLINER – ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

MØTE

Råd og utval fastset sjølv møtetidene sine, - innanfor vedtekne budsjettrammer.
Ordførar koordinerer/set opp møteplan.

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Ordførar

100% av stortingsrepresentant si grunnløn.
Ordningar elles (forsikring, sjukeløn osv.) som for kommunalt tilsette, i tråd med pensjonsordningar for folkevalde.

Etterløn: Ordførar som går av etter avslutta 4-års-periode, får godtgjersle slik:
Inntil 2 mnd. løn til ordførar som har eit arbeidsforhold å gå tilbake til.
Inntil 4 mnd. løn til ordførar som ikkje har eit arbeidsforhold å gå tilbake til.

Varaordførar/leiar av administrasjonsutval og forhandlingsutval

20% av ordførar si godtgjersle.

FRIKJØP

Gjeld formannskap og utvalsleiarar. Elles etter særskilde vedtak i kommunestyret, knytta til enkeltsaker.

MØTEGODTGJERSLE

Utvala kan delast i 2 kategoriar:

1. Hovudutval: Formannskap, utval for levekår (ULK), utval for drift og utvikling (ULK) og administrasjonsutval.
2. Andre råd og utval oppnemnd av kommunestyret: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, likestillings- og diskrimineringsutvalet, eldrerådet, takstutval, sakkunnig takstnemnd, overtakstnemnd, arbeidsmiljøutval m.m.

KATEGORI 1: FORMANNSKAP, ULK, UDU OG ADM. UTVAL

1a. Formannskap og utvalsleiarar

Formannskap og utvalsleiarar: Kr 28 000,- per år.

Ved møte som kjem i tillegg til vedteken møteplan, vert det utbetalt møtegodtgjersle til formannskapsmedlemmene.

Ved fråvær på over 25 % av møta vert godtgjersla prosentvis redusert.

Det vert ikkje gjeve særskilt godtgjersle til formannskapet for møte i administrasjonsutvalet.
Varamedlem: Kr 700,- per møte. Varamedlem som møter til ei sak eller deler av møtet (inntil halve møtet): Halv møtegodtgjersle.

1b. Nestleiar i ULK, UDU og administrasjonsutval

Vanleg møtegodtgjersle på kr 900,- per møte. Dersom nestleiar må leia møtet, vert møtegodtgjersle sett til kr 1000,-.

1c. Medlemmer og varamedlemmer i ULK, UDU og administrasjonsutval

Kr 700,- per møte,

Ved frammøte til ei sak eller deler av møtet (inntil halve møtet): Halv møtegodtgjersle.

1d. Kommunestyret

Representantar og vararepresentantar til kommunestyret: Kr 700,- per møte.

Ved frammøte til ei sak eller deler av møtet (inntil halve møtet): Halv møtegodtgjersle.

KATEGORI 2: ANDRE UTVAL – OPPNEMND AV KOMMUNESTYRET

2a. Leiar/nestleiar

Godtgjersle til leiar: Kr 1000,- per møte. Nestleiar: Vanleg godtgjersle på kr 700,-, men kr 1000,- når nestleiar må leia møtet.

2b. Leiar i kontrollutvalet

Kr 12 000 per år.

2c. Medlemmer og varamedlemmer i utval under kategori 2

Kr 700,- per møte.

Ved frammøte til ei sak eller deler av møtet (inntil halve møtet): Halv møtegodtgjersle.

Presisering: Politisk varamedlem til AMU får møtegodtgjersle etter vanlege reglar.

2d Ad-hoc-utval nedsett av kommunestyret

Deltaking i utval utnemnd av kommunestyret eller ordførar gir rett til møtegodtgjersle på kr 700,-.

TAP AV INNTEKT ELLER UTGIFTER VED UTFØRING AV KOMMUNALE VERV

1. Ulegitimerte tap i ordinær inntekt eller utgifter vert dekkja med inntil kr 350,-/møte.
2. Meland kommune dekker utgifter og økonomisk tap ved deltaking i tillitsverv med inntil 0,4% av ordførar si løn. Det må liggje føre stadfesta erklæring frå arbeidsgjevar. For sjølvstendig næringsdrivande må inntektstapet vere dokumentert med oppgåve frå firmaet.

KØYREGODTGJERSLE OG TELEFONGODTGJERSLE

Etter eigne regulativ. Alle reiserekningar skal skrivast i kommunen sitt reiserekningsskjema.

ANDRE PRESISERINGAR

For at det skal gjevast tapt arbeidsforteneste ved deltaking på kurs, seminar, samlingar m.m. må dette vere avklart med ordførar på førehand.